

Mikael Geir Tangen  
Strengshaugen 8  
5357 Fjell  
Mobil: 91807426  
E-post: [mikael.tang1@gmail.com](mailto:mikael.tang1@gmail.com)

Møvik 28.06.2021

Fedje kommune  
Stormarkvegen 49  
5947 Fedje  
Telefon: 56165100  
E-post: [postmottak@fedje.kommune.no](mailto:postmottak@fedje.kommune.no)

Merknader til delar av reguleringsplanen for Koppersevja (Arealplan-ID 4633 202001).

Me har merknader som gjeld Eiesbakken og Tarasevja (gbnr. 168/1) med vegutløysing over Muren nr. 5 (gbnr. 168/32), Muren nr. 8 (gbnr. 168/71), (gbnr. 168/367) og (gbnr. 168/96).

Me vil gjera Fedje kommune og eigar av Eiesbakken og delar av Tarasevja merksam på at eigarar av eigedommane/adressene Muren nr. 5 (gbnr. 168/32), Muren nr. 8 (gbnr. 168/71), (gbnr. 168/367) og (gbnr. 168/96) ikkje har fått melding frå Fedje kommune om reguleringsplan på Eiesbakken og Tarasevja. Nabovarsel har me heller ikkje fått tilsendt frå utbyggjar og eigar av regulert område.

Hadde ikkje gode naboar varsla oss om denne reguleringsplanen, der utbyggjar reknar med å få vegutløysing over eigedommane våre, så hadde me vore uvitande om at utbyggjar og kommunen tenkjer å gjennomføra inngrep på eigedommane våre.

Me har ikkje fått brev eller på annan måte vorte orienterte om oppstart av planarbeid, og me har heller ikkje fått presentert noko planforslag eller hatt annan dialog med det selskapet som har utarbeidd planen om bustadbygging og anna verksemd i regulert område og planen om vegutløysing frå området.

På grunn av mangel på god og fullstendig informasjon frå Fedje kommune og at utbyggjar ikkje har sendt oss nabovarsel enno, har vi ikkje hatt høve til å koma med innspel til reguleringsplanen tidlegare.

Dette er saksbehandlingsfeil som burde ført til at reguleringsplanen vert lagt ut til høyring på nytt. Me reknar med at kommunen og utbyggjar tek omsyn til dei merknadene me har til planen om vegutløysing og ser nøye på argumentasjonen vår slik at hustomtane våre og bumiljøet ikkje vert heilt øydelagde av unødvendige og forhasta vedtak.

Noverande køyreveg til Uthaugen over Muren 5 og Muren 8 vart bygd etter avtale mellom Karl Tangen og dei som budde på Uthaugen. Karl Tangen var lenge i tvil om han skulle gje løyve til bygging av vegen. Han var redd for at ordtaket «Gje dei litlefingeren, så tek dei heile handa», kom til å verta ein realitet. No viser det seg at det er nettopp det som kan skje med desse vegplanane som vert skisserte. Dåverande eigar av Muren 9, Mikal Eide forlanga betaling for grunnen vegen skulle leggjast på hans eigedom. Han nekta Uthaugen vegutløysing over Eiesbakken der Uthaugen har vegrett.

Då Karl Tangen gav løyve til vegbygging over sine eigedommar, var det ingen som såg for seg den auken i biltrafikk som no er. Og løyve til å bruka vegen vart spesifikt gitt til dei som bur på Uthaugen.

Hadde ikkje Mikal Tangen og Karl Tangen fylt ut evja mellom Skulebrygga og Muren 9, hadde vegprosjektet i området vore uaktuelt.

Uthaugen har frå gammalt av rett til vegutløysing over Eiesbakken og mot bedehuset. Kommunen og utbyggjar av regulert område må no leggja til rette for at ny veg frå Uthaugen vert kopla saman med nye vegar i nytt bustadfelt og vidareført til vegen mellom bedehuset og kyrkja. Kommunen må avklara med grunneigar kjøp av grunn til veg siste stykke mot bedehuset. I dette nye krysset kan det lagast trafikkikker rundkøyning for å få til ei smidig trafikkavvikling. U-sløyfa om Skulebrygga kan føra til uopprettelege trafikkulykker for dei som bur i Muren 5 og Muren 8, sidan både unge og gamle kjem til å kryssa vegen ofte. Vi restaurerer no Muren 5 og Muren 8 til dagens standard for at dei skal kunna brukast som permanente bustader. Uteområda til bustadane er allereie reduserte, og vi ser faren ved at meir av uteområda vert tekne frå oss. Det er lite nok uteområde frå før. No vil Fedje kommune og utbyggjar øydeleggja to små hustomter, Muren 5 og 8, som er bygd ut på fyllingar i sjø og evje, noko som har vore arbeidd med i fleire tiår. Det er heilt uforståeleg og forkasteleg når meir framtidsretta, trafikkisikre løysingar ligg opp i dagen. Løysingar som seinare truleg vert gjennomførte. Det er tid for å endra planane til beste for både gamal og ny busetnad, der trafikktryggleik og trivsel for alle partar vert prioriterte.

Det er også med undring me registrerer at Fedje kommune og utbyggjar vil øydeleggja gammalt bu- og naustmiljø på Fedje. Andre kommunar tek vare på, restaurerer og vernar slike område til glede også for framtidige generasjonar.

Vegen over Muren 5 og Muren 8 ligg på privat grunn. Noverande kommuneingeniør stadfesta dette då vegbana måtte reparerast: «Det er dykkar veg, kommunen engasjerer seg ikkje i private vegar.» Noverande veg til Uthaugen bør få skilt om privat veg frå Skulebrygga og vidare skilta som gangveg mot Uthaugen. Då kan me endeleg få nytta hustomtane våre, Muren nr. 5 og Muren nr. 8, til det ME ønskjer.

Dersom Fedje kommune vedtek reguleringsplanen for vegutløysing til dei nye bustadene slik den ligg føre no, og ikkje tek omsyn til vår argumentasjon for endring, kjem me til å klaga vedtaket til Statsforvaltaren i Vestland i første omgang.

Dersom noko er uklårt eller de må ha meir informasjon, så ta kontakt med Mikael Geir Tangen.

Med helsing

Mikael Geir Tangen



med fullmakt frå tre andre søsken, Liv Tangen Sjøvoll, Helge Tangen og Åse Tangen Kemp.